



RYFYLKE IKS

Innkalling og sakliste til representantskapsmøte i Ryfylke IKS

Tid: Fredag 10.12.2024, kl. 09.00 – 12.00

Stad: Ryfylke IKS, Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

Deltakarar:

Kenny Rettore, ordførar i Sandnes
Anita Husøy Riskedal, ordførar i Hjelmeland
Irene Heng Lauvsnes, ordførar Strand
Mads Drange, ordførar i Suldal
Håvard Handeland, ordførar i Sauda

Kristoffer Amdal, styreleiar RIKS
Wictor Juul , dagleg leiar RIKS

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 18/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sakshandsama Wictor Juul

Framlegg: Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 19/24 Godkjenning av møtebok for representantskapsmøte 18.10.2024 og for ekstraordinært representantskap 29.10.2024.

Sakshandsamar Wictor Juul

▲ **Framlegg: Møteboka vert godkjent**

Sak 20/24 Tilsetting av dagleg leiar

Framlegg: Blir lagt fram av styreleiar i møtet.

NB! Møtet vert lukka med heimel i forvaltningslova § 13

Sak 21/24 Ungdomssatsing endring av handlingsplan og budsjett

Sakshandsamar Nina Fjellskaalnes

Framlegg: Revidert handlingsplan og budsjett blir vedtatt.

Bakgrunn

Sak 02/23. Vedtak: Administrasjonen følger opp rapporten til neste møte. Innstillinga blir sendt ut på høyring til aktuelle instansar og rådet oppmodar kommunane til å invitera ungdomsutvalet til kommunestyret for å informere om innstillinga si.

Sak 12/23. Vedtak: Ryfylkerådet ber administrasjonen leggje fram ei sak med målsetting om å etablere eit ungdomsstyre for Ryfylke. Det må utarbeidast vedtekter og definerast arbeidsoppgåver for styret. Styret får ei samansetting på ti, med to frå kvar kommune.

- Ein representant frå kommunen sitt ungdomsråd
- Ein representant som er mellom 20 og 25 år

Målet er at ungdomsstyret i Ryfylke kan starte sitt arbeid før jul-23.

Sak 38/23. Vedtak 1: Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og godkjenner vedtektene for ungdomsstyret i Ryfylke. Vedtak 2: Det blir lagt fram sak for Ryfylkerådet om oppnemning av medlemmene over 20 år.

Sak 14/24. Vedtak 1: Ryfylkerådet sluttar seg til oppnemninga av kandidatar til rådet for den gruppa som er over 20 år. Vedtak 2: Det nye ungdomsstyret blir bedne om leggja fram handlingsplan for fire år og budsjett.

Sak 31/24: Vedtak: Kriteriene for å bli med i ungdomsstyre må utredes mht. bostedskommune og tilknytning. Hjelmeland spiller inn ny kandidat.

Sak 09/24 (I representantskapet) Ungdomssatsing, orientering om arbeidet med ungdomsstyret
Vedtak representantskapet 18. oktober:

- Representantskapet i Ryfylke IKS meiner at det er gjort eit godt arbeid med plana. Orienteringa som blei gitt av medlemmar av Ungdomsstyret var informativ og engasjerande.
- Ut ifrå ei totalvurdering sendes handlingsplan og budsjett tilbake til Ungdomsstyret. Dette for meir tydeleg prioritering mellom satsingane. Dei totale kostnadene i plana må også reduserast.
- Ungdomsstyret må legge fram ei redusert og prioritert handlingsplan med revidert budsjett på neste møte i representantskapet
- Representantskapet vil tydeleggjera at ungdomssatsinga kan berre gjennomførast med eksterne midler, og at virketida av tiltak ikkje skal gå utover valperioden til det ungdomsstyret som er vald no, altså til og med juli 2026.
- Ungdomsstyret kan fortsetta arbeidet med samlinga Ryrekrutt (Samlinga på Fiskepiren) utan at handlingsplan er realitetsbehandla og endeleg godkjent

Handlingsplan for Ungdomsstyret i Ryfylke

På bakgrunn av rapporten frå arbeidsutvalet starta Ungdomsstyret den 7. juni 2024. Gjennom eit prosessarbeid legg styret nå fram eit framlegg til handlings- og økonomiplan for arbeidet sitt ut 2026.

Bakgrunn

Det blei våren-22 sett ned eit ungdomsutval av Ryfylkerådet som skulle kome med innspel om tiltak, slik at fleire unge (i Ryfylke spesielt) får kunnskap om regionen. Fokuset har vore på behova og moglegheitene i regionen for nye generasjonar som vil arbeide og busette seg. Det var spesielt tre forhold dei ble bedt om å sjå på:

i. Ryfylkeskulen med fokus på samarbeid, delingskultur, innovasjon og entreprenørånd. Altså koss kan unge få betre kunnskap om dei moglegheitene det er for utdanning som kan gje unge arbeid i den regionen de kjem frå.

ii. Ungdomsråd/-styre Ryfylke – ein regional politisk verkstad. Mange regionar har slik råd, kven bør sitja her og kva for oppgåver bør fokuserast?

iii. «Heilt heim» – ein digital arena for unge Ryfylkingar. Korleis kan

Ryfylke informera/kommunisera med ungdom mens dei er ute i utdanning og arbeid slik dei får kunnskap om kva som skjer i regionen?

Våren 2023 la utvalet fram innstillinga si, - Utvikling av Ryfylke-regionen (som og har vore ute til høyring hjå omlag 20 instansar). Rapporten kom med klare tilrådingar for kva regionen bør gjera for at dei unge i regionen skal få betre oversikt over moglegheiter og utfordringar for å styrkje regionen som bu og arbeidsregion. Ryfylkerådet tok innspelet om eit eige ungdomsstyre på alvor. Dei sette ned eit ungdomsstyre og ba dette arbeida vidare med dei andre tilrådingane frå ungdomsutvalet:

- Etablering av ein møteplass for unge og arbeidsliv i Ryfylke
- Utvikling nettstaden *sommarjobben.no*
- Utvikling av *Heilt Heim* ein kommunikasjonsplattform med og om forhold for unge personar.
- Etablering av traineeordning for unge i Ryfylke
- Behandle aktuelle saker som er på Ryfylkerådet sin agenda

Prioriterte oppgåver

Ungdomsstyret, som altså er etablert i tråd med ungdomsutvalet sine føringar i rapporten, har drøfta og sett på tre viktige arbeidsoppgåver som må prioriterast.

1. Etablering Ryrekrutt (møteplass ungdom/arbeidsliv)

Det skal lagast eit arrangement for ungdommar (18-30 år) som har tilknytning til Ryfylke og for arbeidsgivarane i regionen. Målet med arrangementet er å leggja til rette for sterkare koplingar mellom desse. Det er stor forskjell i alder. Dei som er over 18 år har begynt å tenke på kva slags retning dei vil gå i livet. Dette bør eit slikt arrangement óg ta omsyn til.

Ungdom og studentar skal bli betre kjent med kva for viktige næringer regionen har sterke føresetnadar for, basert på regionen sitt næringsgrunnlag. Kva for spennande arbeidsplassar det er og som regionen har grunnlag for. Kva slags kompetanse arbeidsgivarar har behov for og kva for moglege utviklingstrekk regionen bør leggje opp til. Arrangementta skal vera faglege og sosiale, kunnskapsbasert på dagen og sosiale aktivitetar om kvelden. Fokus må vera å gjera noko kjekt i lag og samtidig få fagleg på påfyll.

Arbeidslivet, gjennom enkeltbedrifter og næringsforeiningar, bli invitert med til å bidra til innhaldet med sikte på å vise fram kva dei driv med og kva kompetanse dei treng. Bedrifter presenterer stillingar og kommunar både arbeidsmoglegheiter og kva dei elles kan by folk som vil etablera seg. Universitet, høgskular og fagskular bør óg vera der og vise fram sine aktuelle utdanningsprogram.

I tillegg bør det vera spennande foredragshaldarar som kan inspirera til innovasjon og nyskaping.

Vidare må det leggjast opp til:

- Servering av spennande mat inspirert av Ryfylke.
 - Musikk og underholdningsinnslag der minst eitt er frå Ryfylke, - men óg viktige trekkplaster utanfrå.
 - Ryfylke-quiz for ungdom (lag med 16 til 25 år) med finale på arrangementet. Ein quiz som inspirer til læring og det Ryfylke har å by for gruppa, slik dei blir nyskjerringe til å finne ut meir. Kommunale kåringar av lag blir gjort i forkant.
 - Promotering av sommarjobbar og presentasjon av traineestillingar. Arrangementet har som mål å flytta rundt i regionen på aktuelle arbeidsplassar, men det er óg aktuelt å halde det på regionale felles møteplassar. Fiskepiren som innfallsport til Ryfylke er aktuell. Samlinga blir i første omgang ein gang per år, men med mål om at det på sikt skal skje to ganger per år. Målet er å flytte samlinga rundt i regionen med utgangspunkt i ei bedrift eller eit sentral møtestad.
- Når denne er på plass kan ein leggja til rette for busstur ei helg med fleire stopp, der ein kan sjå fleire aktørar i næringslivet, attraksjonar og kulturtilbod som regionen kan by på.
- Arrangementet må byggjast opp over tid. Ungdommane vil ha noko å glede seg til: Når du blir 16 år kan du komme hit og byggja nettverk og du kan gjera det, og oppleve masse kjekt saman med andre. Det er viktig for dei unge å ha noko å sjå fram til.
- Viktige oppgåver for å lykkast her krev fokus på mellom anna:
- Korleis kan me gjera arrangementet interessant for ungdommar?
 - Kva bør arrangementet innehalde?
 - Når og kvar bør arrangementet arrangerast?
 - Korleis bør dette arrangerast?
 - Korleis bør det formidlast?
- Dagens yrkesmesser er for lite målretta og satt inn i ein samanheng med at utdannings- og yrkesval skjer i ein prosess og ikkje gjennom eit enkelt arrangement. Derfor må tiltaket og koplast mot rådgjevingstenesta ved skulen, Nav sine rettleiarar osv.

2. Utvikling av Heilt Heim

Merkevara Ryfylke er regionen sitt profiltermerke/brand og må brukast for å profilera regionen og halda den saman. Unge kan gå føre og visa veg for korleis ein kan få alle til å knyta seg til det og forplikta seg på det. Ungdomsstyret vil ha sterkare styringsrett til merkevara slik den blir formidla, slik at dei som veks opp i Ryfylke får eigarskap til ho. Kontakten mellom unge og «kommunen» er i dag for svak. *Heilt heim* skal vere ein nettstad for unge, med moderne verkemiddel – og ein dyktig historieforteljar til å produsere innhald. Merkevara Ryfylke må forsterkast og gjennomsyra all formidling. Ein plattform, som Sparebank 1 no har støtte med 1,5 mil, der unge kan kjenna seg heime og kan halda seg oppdaterte, koma med innspel til

strategiar om det som skjer i regionen. Det kan føra til at fleire får informasjon og kunnskap og kan påverka det som skjer. Ungdomsstyret vil nå arbeide vidare og etablera denne kommunikasjonskanalen, der unge Ryfylkingar kan bidra med innhald og kunnskap - enten dei bur her eller er ute og får kunnskap erfaring frå utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv. Og dei unge sjølv skal vera med å bidra med informasjon til plattforma om forhold som:

- Kva bør budskapet på plattforma vera?
- Kva slags informasjon er viktig for dei?
- Koss bør me formidla innhaldet og korleis engasjera dei unge sjølv frå Ryfylke til å bidra til innhald og debatt på plattforma?
- Korleis skal bedriftene halde kontakten med målgruppa?
- Kva er viktig for dei som tenkjer på å busetja seg i Ryfylke?

3. Vidareutvikling av Sommarjobben.no

Sommarjobben.no er ei nettside som ungdomsutvalet tok initiativ til. Nettsida er i arbeid (frå sommaren-24). Hovudmålet er å kople arbeidslivet med unge som er i ein utdanning - primært for å få sommarjobbar, men og for å gje kunnskap om kompetanse arbeidslivet treng og med det rekruttering til faste stillingar.

Mange ungdommar har registrert seg som interesserte i sommarjobb viser erfaringane frå første driftsåret. Fleire arbeidsgjevarar må få meir kunnskap om portalen og bruka han. Derfor vil ungdomsstyret utvikle sida slik at den blir endå meir treffsikker, lettare å bruke og bidra til at fleire blir eksponert for arbeidslivet i Ryfylke.

Vinteren 2024/2025 vil me utarbeide fleire digitale promoteringsarenaer for portalen og eksponera arbeidslivet for å bruke denne. Gjera løysinga lettare å bruke både for dei unge og arbeidslivet.

Kreative løysingar ved bruka av Tiktok-format der mykje bruk av humor bør leggjast vekt på.

4. Utvikling av trainee-program i Ryfylke

Trainee-programmet i Ryfylke har som mål å tilby nyutdanna relevant arbeidserfaring og kompetanseutvikling gjennom eit strukturert 12-månaders opplegg. Det er eit prosjekt som skal gjerast i samarbeid med lokalt arbeidsliv og relevante aktørar for å sikre praksisplassar og mentorordningar for deltakarane. Dette skal bidra til å styrkja rekrutteringa av kompetent arbeidskraft, motverke fråflytting og knyte tettare band mellom utdanningsinstitusjonar, næringslivet og offentleg sektor i Ryfylke.

Ungdomsstyret i samarbeid med Næringsforeningen i Stavanger byggje opp under ordninga og oppmode/markandsføre at organisasjonar i Ryfylke gjer seg bruk av denne. Ungdomsstyret vil etablera møteplass/samlingar for dei som er med i ordninga for dei som arbeider i organisasjonar i Ryfylke.

Organisering av ungdomsstyret

Ungdomsstyret består av ti personar i tillegg til varaer for desse. Styret har valgt eit arbeidsutval beståande av:

- Anne Langeland Bratthammer
- Peder Krokedal
- Joel Nag

Desse førebur saker for styret. Førebels har ein og invitert vara til styret med på møtene slik dei blir betre kjent med dei oppgåvene som blir ein del av styret sitt arbeidsområde.

Så langt det er råd vil styret ha møte i forkant av kvart Ryfylkerådsmøte, og vil her kome med innspel til saker som ungdomsstyret meiner det er naturleg å gje innspel til.

Ungdomsstyret vil engasjera ein ung person i prosjektet som skal bistå styret i arbeidet og vera personen som vil stå for det daglege arbeidet med å utvikla dei digital plattformer og kommunikasjonen mellom dei unge som det er målet å halde kontakten med.

Ungdomsstyret vil og ha møter med fykesrådet for å informera om sitt arbeid og bidra til at representantar frå Ryfylke er betre kjent med dei oppgåvene som er viktige for unge her å løfte fram i fylket.

Styret utarbeider ein eige årshjul med milepelar for arbeidet fram til styret skal oppnemna nye medlemmer våren 2026.

Økonomi

Budsjettet er lagt for perioden frå nå og til sommaren 2026 gjeld arbeidet det sitjande ungdomsstyret skal utføre. Det er naturleg at ein i god tid før nytt val av styre går frå eit prosjektbudsjett til eit meir ordinært driftsbudsjett for oppgåvene styret skal ha hand om.

Personal

I perioden blir det tilsett ein person som skal vera kontaktpunktet til ungdomsstyret og dei unge i Ryfylke, i tillegg til ein ressurs i Ryfylke IKS som er saksbehandlar og kordinator for styret.

Honorering av ungdomsstyret er på linje med det representantane i ungdomsråda i kommunane har. Ryfylke IKS dekkjer kostnadene til dei over 20 år - mens kommunane dekkjer kostnaden for dei under 20 år (altså dei som er rekruttert frå ungdomsråda).

Digital satsing

Målet er å bygge vidare ut og gjera brukarsnittet betre for sommarjobben.no framover. Det same gjeld å implementera denne løysinga som ein del av den store satsinga *Heilt heim*, som tar mål av seg å bli den store kommunikasjonskanalen mellom dei unge og Ryfylke, anten dei bur heime, er ute å studerer eller får seg arbeidspraksis.

Ryrekrutt 2025 og 2026

Det blir lagt planer for å etablere ein regional møteplass. 1. året blir den på Fiskepiren, der arbeidslivet, utdanningsinsitusjonar osv blir invitert til å møte. Dette blir kombinert med foredrag, sosiale aktivitetar, mat og

drikke. Inn under dette arrangementet blir eit traineeprogram presentert, i tillegg til at sommarjobbar promotert.

Følgeforskning

Måten Ryfylke har valgt å involvera dei unge i arbeidet på kan vera nyttig å få evaluert/forska på med sikte på læring for seinare vidareføring.

Omfang

Dei prioriterte oppgåvene skal gjennomførast med eksterne midlar. Budsjettet ut 2026 ligg på rundt ni millionar kroner. Store delar av midlane bidrar næringslivet med, men det blir og søkt om midlar frå fylkeskommunale støtteordningar som er tilrettelagt for dette arbeidet.

Det er innvilga støtte frå:

- Sparebanken Vest: 1,5 millionar (750 000 x 2)
- Statsforvaltaren: 750 000,-
- Sparebanksstiftelsen SR-Bank: 1,5 millionar
- Rogaland fylkeskommune (BOR): 1 million

Det er søkt støtte frå Ulla-Førre fondet og Ryfylkefondet.

Framdriftsplan

Framdriftsplan		2024		2025				2026				2027			
		Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
1.	Ryrekrutt 2025														
1.1	Innhald og program														
1.2	Kople på aktuelle aktørar														
1.3	Marknadsføring														
1.4	Gjennomføring														
1.5	Rapportering og oppfølging														
2.	Etablering Heilt Heim														
2.1	Forarbeid og finansiering														
2.2	Utvikling														
2.3	Implementering og tilpassing														
2.4	Varig drift														
3.	Vidareutvikle Sommarjobben.no														
3.1	Forbedre brukargrensesnitt														
4.	Utvikling av Trainee-ordning														

4.1	Innsikt og kartlegging																
4.2	Utsikt og konkretisering																
4.3	Oppsikt og gjennomføring																

Budsjett	2024/6	2025	2026/7	SUM
Trainee prosjektansatt i RIKS	50 000	600 000	300 000	950 000
Administrasjon	150 000	250 000	125 000	525 000
Ungdomsstyret honorar	150 000	200 000	100 000	450 000
Sommarjobb	200 000	200 000	200 000	600 000
Sosiale kostnader 25%	192500	438208,75	253750	337500
Sum personalkostnader RIKS totalt	742 500	1 688 209	978 750	2862500
Ryrekrutt - Regional møteplass unge/arbeidsliv	100 000	750 000	750 000	1 600 000
Utvikling av "Heilt heim" inkl "Sommarjobben"	250 000	1 250 000	250 000	1 750 000
Utvikling av Trainee-program	100 000	300 000	250 000	650 000
Konsulentutgifter	100 000	500 000	500 000	1 100 000
Møter og reiser	100 000	150 000	75 000	325 000
Følgeforskning	0	250 000	200 000	450 000
Andre forhold	50 000	100 000	50000	200000
SUM	1442500	4988208,8	3053750	8937500
Finansiering	1	2	3	3
Ryfylkefondet	1 000 000	1 000 000	500 000	2 500 000
Sparebankstiftelsen SR-Bank*)	0	1 000 000	500 000	1 500 000
Næringsforeningen i Stavangerregionen	100 000	100 000	100 000	300 000
Høgskulen på Vestlandet	100 000	100 000	100 000	300 000
Ryfylke IKS	100 000	100 000	100 000	300 000
Rogaland Fylkeskommune (Regionalt næringsfond*)	0	1 000 000	0	1 000 000
Næringslivet	100 000	350 000	350 000	800 000
Statsforvaltaren *)	750 000	0	0	750 000
Ulla Førre fondet	0	0	0	0
Sparebankstiftinga Agenda Vestland*)	750000	750000	0	1500000
SUM	2900000	4400000	1650000	8 950 000
*) innvilga totalt 4 750 000				

Framlegg til vedtak

- ▲ Ryfylkerådet godkjenner handlingsplanen

Sak 22/24 Vidare strategi for Ryfylke IKS

Sakshandsamar Wictor Juul

- ▲ Framlegg til vedtak:

Representantskapet ser dette som eit ledd i å vedta ein strategi for satsingar i Ryfylke interkommunale selskap. I utgangspunktet vil dette være gjenstand for arbeid på nok eit møte i representantskapet før det vert sendt ut til kommunane til høyring.

Prioriteringar.

Næringsarbeid:

1. Rekruttering i tråd med handlingsplan frå ungdomsstyret. I tillegg lage ein strategi og plan for besøk til universitet og høgskular for å presentere Ryfylke og verksemdene her.

2. Presentasjon av næringsarealer for den einskilde kommune. Dette gjeld både kommunale og private arealer.

RIKS skal i arbeidet ha fokus på å få straum ut til sluttbruker.

Når det gjeld utvikling av arealer skal RIKS kunne være i stand til å gi bistand og kompetanse til etablering av tomteselskaper og finna område som kan egna seg for næringsklynger. I dette arbeidet vil RIKS vidareutvikla og nytta New Kaupang

3. Vidare arbeid med havbruk. Særlig med vekt på lokalisering og infrastruktur. I dette arbeidet leia eit prosjekt med mål om å kartlegge av havbunn i Ryfylke. Dette i samarbeid med næringa og Blue Planet.

4. Bistå og eventuelt leia utviklingsprosjekter i innafør næringsgruppen («vertikalane») som er nemnd i saksutgreiinga.

Mobilitet

1. Arbeide med kjente utfordringar for å gi kommunane god argumentasjon og bistå med «lobby» framstøt overfor sentral mynde. Moglege område kan være:

T.d Ras sikring (Lovra, Tysdalsstronda, Kilane- Vindsvik) pris i Ryfast, tunell mellom Sauda- og Etne og forbetring av kommunikasjonstilbodet i Lysefjorden, for fastbuande, næringsliv og reiseliv, Her er det fleire grupperingar som arbeider med dei same utfordringane.

2. Som start på ein prioritert og forpliktande plan skal RIKS sette av ein 50% ressurs til å kartlegge behov hos næringslivet og kommunane når det gjeld mobilitet. Målet er at

ressursen skal få god kompetanse på eit framtidig utfordringsbilete og mogelge løysingar. Ressursen skal utvikla kompetanse og ha kommunokasjon med anerkjente fagmiljø. (ITS Norwayog Transportøkonomisk intitutt).

3. Våren 2026 skal det avhaldast ein konferanse (ein dag) for kommunar, næringsdrivande, fylkeskommunen, statens vegvesen og Kolumbus. Målet med seinaret er å leggja ramme for ei plan for mobilitet i Ryfylke. Plana må bestå av ei regional målsetting samt prioriterte satsingsområde. Seminaret må fasiliterast av personar på med eit fagleg høgt kompetansenivå. (Trasportøkonomisk institutt eller ITS Norway)

Vedtak i representantskapet 18. oktober i sak 17/24:

- ▲ *Representantskapet i RIKS ber dagleg leiar om å leggja fram ein sak til desembermøtet kor dei to første satsingsområda vert konkretisert og døme på moglege tiltak frå RIKS vert lagt fram.*
- ▲ *Område tre skal ikkje være noko eige satsingsområde for RIKS per dato.*
- ▲ *Dagleg leiar blir bedt om å gi ei orientering om IPR i neste møte.*

Vurdering

Dei to første satsingsområda i sak 17/24 er desse:

1. *Innovasjon og utvikling innafor næringar kor me har naturlege fortrinn framfor andre regionar. Dette kan være naturgitte, geografiske eller kompetansemessige tilhøve.*
2. *Infrastruktur og mobilitet. Målet er å gjere Ryfylkeregionen til ein bu- og arbeidsmarknad samstundes so ein vil gjera det lettare for bedrifter å etablera seg med færre mobilitetsmessige utfordringar.*

Innleiing

Strategiarbeid gjort i RIKS tidlegare peikar ut såkalla næringsvertikalar eller typar av næring som RIKS skal arbeida med. Det som er nemnd er energikrevjande industri, landbruk, råvareteknologi, havbruk og reiseliv. Framleis gjeld det at det er desse områda som er særleg aktuelle å vidareutvikla. Noko som blir vist i tidlegare strategidokument.

Verdiskaping kontra verdikapring har vore problematisert frå RIKS. Det er det ei utfordringa at berre ein liten del av dei verdiane som vert skapt i Ryfylke vert værande igjen i regionen. Dei store verdiane forsvinn til store nasjonale- og internasjonale konsern. Sjølv om kommunane sitt att med både personskatt og eigendomsskatt. Meiner me at det er mogleg å sikre at meir av verdiskapinga vert att i Ryfylke. I vårt arbeid må me heile vegen ha fokus på såkala verdikapring.

Treng me fleire arbeidsplassar når me mest ikkje har arbeidsløyse i regionen?

Alle kommunane i Ryfylke ynskjer vekst. Dette for å sikre busetting og gode tilbod til dei som

bur her. Kort sagt å er attraktivitet viktig. Viktig for busetting og sterke kommunar.

Grønt skifte er me inne i. Norge har forplikta seg på FN sine mål for berekraft. Mange næringar har tatt det innover seg og arbeider i tråd med desse måla. Andre slit noko meir med å gjere om måla til praktisk næringspolitikk og næringsutvikling.

I tillegg til dei næringsgruppene eller typar av næring er det ovegripande område som krev arbeid I det vidare vil me peike på nokre slike område, men og på tilnærmingar når det gjeld næringsgrupper.

Ryfylke IKS må arbeide tett med både kommunar, Næringshagen i Ryfylke og TEAL. Det er viktig for selskapet at me er tydelege på oppgåvefordelingane oss i mellom.

I utgangspunktet meiner me at RIKS bør ha regionale oppgåver. Altså at me gjer eit arbeid som er viktig for heile regionen. Derfor føreslår me følgjande område:

Forslag til prioriterte oppgåver:

Næringsverksemd

Rekruttering

Når det gjeld punkt ein vil det være vesentleg å sikra kompetanse. Per dato veit me at rekruttering er ei utfordring for fleire næringar og verksemd.

Dette er også i tråd med representantskapet sine tidlegare vedtak. Ved oppretting eit nytt Utdanningscenter IKS, er det naturleg at karriereveiledning og kompetanseheving er område som vert lagt til dette senteret.

Rekruttering og «merkevarbygging» hos studentar og elevar ved vidaregåande skular vil være viktig for regionen. Dette vil slik me vurderer være eit viktig arbeid for RIKS. Fleire tiltak konkretisert i handlingsplana frå ungdomsstyret.

RIKS må å ha oversikt over kva næringar og verksemd som treng mest og raskast rekruttering.

Kontakt med aktuelle utdanningsinstitusjonar og rekrutteringsframstøt der vil være eit supplement til tiltakene ungdomsstyret skisserer.

Uansett vil det være viktig å ha tettsamarbeid med «Utdanningscenter IKS». Dei tar seg av kompetanseheving, RIKS kan fokusere på rekruttering, men desseområda går naturleg over i kvarandre.

Tilrettelegging av areal for næringsverksemd.

Me får meldingar om frå næringslivet i ein skilde kommunar er at næringsareal er ei utfordring. Også i vårt arbeid gjennom New Kaupang ser me at dette er ei utfordring. Dette gjeld arealer for kraftkrevjande industri, men og mindre arealer som kan passa for SMB (små og

mellomstore bedrifter) segmentet.

Dette gjeld og karlegging og marknadsføring av eksisterande tomter.

Å bygga på kompetansen i New Kaupang for å bistå kommunar/ private aktørar med tilrettelegging og sal av arealer vil være viktig. Samtidig er det viktig å tilby kommunane kompetanse når det gjeld ein annan type arealar som vil bli etterspurt i framtida såkalla fjellhallar. Det vil også etter kvart bli nokon ledige arealer når ein har tatt ut byggeråstoff. Å ha kompetanse og kunne knytta til seg kompetanse når det gjeld fjellhallar og bruk av område som no er utaksområde for byggeråstoff kan bli viktig for framtidig næringsutvikling og etablering.

Ny 132 kV linje mellom Dalen, Hjelmeland og Veland samt oppgradering av trafostasjonar hjelper betydeleg på straumkapasiteten i søre del av Ryfylke. Det same gjer ny linje til Nordmarka. På tross av dette ser me at det er utfordrande å få straum heilt ut til sluttbrukarar. Dette gjeld for fleire verksemdar i Ryfylkekommunane, kanskje med unnatak av Sauda. No har Hjelmeland kommune gjort eit arbeid på Viganest, men framleis er det utfordringar i Årdal. Vidare er det slike utfordringar i Nordmarka, i Forsand og i Suldal.

Ved å ha dedikerte ressurser i dette arbeidet vil etter vårt syn være ei god støtte for kommunar og næringsaktørar.

Presentasjon av næringsgrupper og moglege tiltak

Landbruk/ naturbruk

RIKS har erfaringar frå fruktsatsing og etablering av fruktlager. Per no har kommunane og Næringshagen i Ryfylke og Teal eit godt arbeid når det gjeld landbruk/ naturbruk. Det er mogleg å inngå eit samarbeid med desse organisasjonane. Slik stoda er per dato meiner me at denne næringsgruppa er ivaretatt.

På tross av dei andre aktørane kan det være behov for RIKS i arbeid, men då innfor eit område kor det er viktig med regional satsing som t.d. frukt satsing med fruktlageret i Årdal. Dette kan t.d. være drone- teknologi.

Mineralutvinning og utvinning av byggeråstoff.

Når det gjeld byggeråstoff er det eit område me har lang erfaring med i Ryfylke, men me har få verksemdar som satser på vidareforedling. BMI i Årdal er eit døme. Ei anna utfordring i denne næringa er at det er utfordringar når det gjeld å få til eit grønt skifte. Plan for utvinning av byggeråstoff er på mange måtar eit kommunalt anliggende. For RIKS kan det være hensiktsmessig at me utviklar kompetanse på vidareforedling og grønt omstilling. I neste fireårsperiode vil det være vanskelig å prioritera, då med unntak av arbeid for nytta dei ledige arealene som næringsareal.

Havbruk

I regionen har vi ei aktiv havbruksnæring. Me veit at det vert arbeidd med fleire landbaserte anlegg, og at næringa ser på mulighetene for vidareforedling av fisk. Det er mange oppdrettsanlegg i fjorden sjølv om no meir vert flytta på land. Då er me tilbake til arbeidet med arealer og arelbruk

For å kunna nytta fjordane betre vil det være naudsynt med kartlegging av sjøbunnen. Dette er eit arbeid som Stavangerregionen har arbeidd med. Eit slikt arbeid vil være nyttig for næringa i Ryfylke.

Reiseliv

På dette området har Ryfylke sit eige destinasjonsselskap. Tidlegare har Reismål Ryfylke primært hatt ansvar for marknadsføring Ryfylke som reiselivsdestinasjon. Utvikling av næring og verksemdar som del av nærina har etter kvart og blitt deira ansvar. Når det gjeld utviklinga av verksemdar innan reiseliv har også Næringshagen i Ryfylke og Teal kompetanse og erfaring. Desse to organisasjonane bistår fleire verksemdar i Ryfylke. Vårt område vil være mobilitet og eventuelt infrastruktur for reiselivet.

Mobilitet

I Ryfylke står ein overfor betydelege utfordringar når det gjeld mobilitet. Dette gjeld persntrafikk som me kan dela inn i kollektivtilbod og tilrettelegging for privatbilen.

Når det gjeld næringstransport er det også store utfordringar. Dei sama utfordringane som gjeld ved bruk av privatbil gjeld mange plassar i enno større grad når det gjeld næringstransport.

Kjente utfordringar som krev vidare arbeid.

Dette området vil me dela inn i to, privatbiltrafikk og kollektivtrafikk. På mange måtar er vegstandard og fjordkryssing ein fellesnemnar for begge

Utbetring av vegar

På mange måtar veit me at utbetring av vegar er ein nøkkel for å utvikla Ryfylke som ein bu. og arbeidsregion. Me har prøvd å lokalisera område som er flaskehalsar i dag. Dette er kjente tilhøve og det har også vore prioritringar blant Ryfylke kommunana når det gjeld kva strekningar ein skal satsa på. På tross av satsingar dei siste åra er det områder i Ryfylke som ikkje er foreineleg med trygg og god transport. Slik som:

Rødsliane. Kilane- Vindsvik, Tysdalsstranda. Lovradalen...

I tillegg har me utfordringar når det gjeld vegar inn til Ryfylke. Det gjeld mangelen på veg mellom Sauda og Etne.

I tillegg til desse nemnde vegstrekka er det ei utfordring med eit svært høgt prisnivå i Ryfast. Eit prisnivå som reduserer nye etableringar i Ryfylke.

Når det gjeld næring ser me at båttransport kan være ei løysing. Difor er satsing på kaianlegg viktig. Kanskje kan båtar drive av nye energikilder bidra til reduksjon av klimaavtrykk og redusera kostnader for næringslivet.

På tross av ei mulig positiv utvikling når det gjeld utvida båttransport vil mykje av næringslivet sine behov måtte løysast via vegtransport.

Kollektiv transport

Tradisjonelt har kollektivtrafikken blitt løyst med ein kombinasjon av buss og båttrafikk. Slik er det også i dag. Dette på tross av at me har fått Ryfast, Sandsfjord bru og bruforbinding til Helgøy i Årdalsfjorden.

Me har nokre klare utfordringar når det gjeld kollektivtilbodet. Det gjeld særleg mangelen på tilbod mellom Nesvik og Sand/ Sauda. Dette gjer det vanskelegare å arbeida i dette området om ein treng kollektive løysingar. Det gjer det og vanskelegare å velja vidaregåande skule, om ein ikkje skal bu på hybel.

Tilhøva har blitt mykje betre dei siste åra, Dette gjeld fjordkryssing, men og kollektivtilbodet. På tross av forbetringane meiner me at det det må vidare utvikling til om regionen skal bli meir attraktiv for nyetableringar av verksemder og næringar.

På Lysefjorden har regionen og utfordringar. Det gjeld tilbod til dei fastbuande så vel som besøkande.

Per dato er kryssing av fjorden øst – vest rimelig god. Særleg har Ryfylke- ferjå sørga for eit ganske godt tilbod til næringsdrivande, men det er og eit greitt hurtigbåttilbod.

Vurdering og konklusjon

Det må fortsatt arbeidast med dei utfordringane som er nemnd i saksutgreiinga, men det må og arbeidast med ei langsiktig strategisk vinkling for å sikre ein mobilitet i Ryfylke som gjer regionen til ein samla bu og arbeidsmarknad.

Det er mange problemstillingar når det gjeld mobilitet i Ryfylke. Sjølv om stoda har blitt mykje betre dei siste åra er det som vist i saka, mange problemområde att. Slik me ser det er det no viktig å belysa probelmeområda, prioritera dette innafor ei heilskapleg plan.

Denne plana bør særleg næringsliv, kommunar men og ungdom være med på å utforma. Dette arbeidet kan leiast av RIKS, men ein bør vende seg til fagmiljø når det gjeld å få hjelp til analysa behov og hjelp til å løysa dei med tydelege og forpliktande prioriteringar. Dette vil være eit omfattande arbeid og krevja ein dedikert ressurs. Me foreslår oppstart i februar og avslutning med utforming av ei plan med prioriterte mål og tiltak våren 2026. Ressursen ved RIKS skal innhente kompetanse og råd frå kjende fagmiljø som melom anna transportøkonomisk institutt og ITS Norway.



Framlegg til vedtak:

Representantskapet ser dette som eit ledd i å vedta ein strategi for satsingar i Ryfylke interkommunale selskap. I utgangspunktet vil dette være gjenstand for arbeid med på nok eit møte i representantskapet før det vert sendt ut til kommunane til høyring.

Prioriteringar.

Næringsarbeid:

1. Rekruttering i tråd med handlingsplan frå ungdomsstyret. I tillegg lage ein strategi og plan for besøk til universitet og høgskular for å presentere Ryfylke og verksemdene her.

2. Presentasjon av næringsarealer for den einskilde kommune. Dette gjeld både kommunale og private arealer.

RIKS skal i arbeidet ha fokus på å få straum ut til sluttbruker.

Når det gjeld utvikling av arealer skal RIKS kunne være i stand til å gi bistand og kompetanse til etablering av tomteselskaper og finna område som kan egna seg for næringsklynger. I dette arbeidet vil RIKS vidareutvikla og nytta New Kaupang

3. Vidare arbeid med havbruk. Særlig med vekt på lokalisering og infrastruktur. I dette arbeidet leia eit prosjekt med mål om å kartlegge av havbunn i Ryfylke. Dette i samarbeid med næringa og Blue Planet.

4. Bistå og eventuelt leia utviklingsprosjekter i innafør næringsgruppen («vertikalane») som er nemnd i saksutgreiinga.

Mobilitet

1. Arbeide med kjente utfordringar for å gi kommunane god argumentasjon og bistå med «lobby» framstøt overfor sentral mynde. Moglege områder kan være:

T.d Ras sikring (Lovra, Tysdalsstronda, Kilane- Vindsvik) pris i Ryfast, tunell mellom Sauda- og Etne og forbetring av kommunikasjonstilbodet i Lysefjorden, for fastbuande, næringsliv og reiseliv, Her er det fleire grupperingar som arbeider med dei same utfordringane.

2. Som start på ein prioritert og forpliktande plan skal RIKS sette av ein 50% ressurs til å kartlegge behov hos næringslivet og kommunane når det gjeld mobilitet. Målet er at ressursen skal få god kompetanse på eit framtidig utfordringsbilete og mogelge løysingar. Ressursen skal utvikla kompetanse og ha kommunokasjon med anerkjente fagmiljø. (ITS Norway og Transportøkonomisk institutt).

3. Våren 2026 skal det avhaldast ein konferanse (ein dag) for kommunar, næringsdrivande, fylkeskommunen, statens vegvesen og Kolumbus.

Målet med seinaret er å leggja ramme for ei plan for mobilitet i Ryfylke. Plana må bestå av ei regional målsetting samt prioriterte satsingsområde.

Seminaret må fasiliterast av personar på med eit fagleg høgt kompetansenivå. (Transportøkonomisk institutt eller ITS Norway)

18/24 Møteplan RIKS representantskap

Det er uheldig med to møte så tett som 21. mai og 17. juni. Det er fordi finalen i «Ryfylkekviss» går av stabelen på Finnøy i slutten av mai. Det er

lang tradisjon med at ordførarane er med om finalen. 21. mai passer for alle kommunar om ein legg møteplan til grunn. Det vil være for tidleg for årsmøte, og det vil være redusert tid til bruk i samband med «kviss» og reise. Møteplana er lagt opp som forslag med følgande datoar:

▲ Framlegg:

18. februar, tysda
21. mai Ryfylkekviss på Finnøy
17. juni, tysdag årsmøte
27. oktober, måndag
9. desember, tysdag

Datoar er sjekke opp mot kommunale møteplanar.

Obs 9. desember er det er føreslått møte i utval for kultur og oppvekst i Sandnes.

Sak 22/24 Økonomirapport

▲ Framlegg til vedtak:

Økonomirapporten vert tatt tilorientering.

Som rapporten viser er det per dato eit overforbruk på kroner 2 694 835. Det ser også ut til at me skal belaste prosjekta noko meir ved årsslutt. Me har også uteståande noko vidarefakturering og fakturering.

Per dato er prognosa ved årsoppgjeret balanse.

Vedlagt er rekneskap til og med oktober.

Sak 23/24 Budsjett for 2025

▲ Framlegg: Budsjettet for 2025 vert vedtatt.

▲ Økonomiplan 2026- 2028 vert vedtatt som plan.

Vurdering

Formålet med Ryfylke IKS er å styrke regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet driver sin verksemd dels i egen regi og dels fungerer som tilretteleggar for andre offentlege og private verksemdar. Selskapet har tradisjonelt arbeidet etter et sett med brede næringsmessige, sosiale og politiske målsetningar og har hatt eit bredt mandat.

Administrasjonen har arbeidd frem økonomiplan og budsjett basert på prosjekt og konsulentaktiviteter som er i tråd med selskapets prioriterte oppgåver:

Ryfylke IKS skal være en liten, kostnadseffektiv, lettbeint og agil organisasjon som:

- Arbeider for å skape fleire arbeidsplassar og et breiare næringsgrunnlag i Ryfylke Dette gjeld havbruk, landbruk, turisme, råstoff-teknologi og energikrevjande industri.
- Bistår kommunane direkte med næringsutvikling og analyse innan havbruk, landbruk, turisme, råstoff-teknologi og energikrevjande industri
- Hjelper kommunane i utredningar, uttaler og analyse i forbindelse med infrastruktur som tilrettelagt næringsareal, vei og strøm.

Prosjekt finansiering kan være ei utfordring. Det me ser er at me må skjerpe rutine for belastning av prosjekta ved aktivitet. Prosjektfinansieringa ligg balansekontoen. Denne kontoen vil bli avslutta ved årsslutt. Eventuelle overføringar vert gjennomførte då.

Dei store inntektene prosjekta i 2025 er ungdomsprosjektet, og ungdomskort prosjektet. Nå det gjeld eventuelt overskott på såkalla HK DIR midlar, vert desse overført Utdanningscenter IKS. I vårt budsjett er ikkje medarbeidarar som arbeider med slike prosjekter rekna inn. Dette fordi dei vert overført til nytt IKS. Eit IKS som må overta våre medarbeidarar Nytt IKS skal finansierast via statlege og kommunale midlar.

Som i år vil me i 2025 fakturere for ein del arbeid som vert gjort utanfor selskapet. Me har budsjettert inn inntening i 50% stilling for Ketil Barkved. Som tidlegare har me lagt inn tenester for Ryfylke- biblioteket og Ryfylkefondet.

Når det gjeld prosjekter så har me fått 1 500 000,- frå Sparebankstiftinga og 1 500 000,- frå Agenda Vestland (Sparebanken vest). 750 000,- av desse midlane er ført i år. Resten vil bli ført inn før nyttår, men aktiviteten vert lagt til 2025.

I arbeidet med ny strategi er det lagt inn moglege prosjekter. Desse er lagt inn med erfaringstal. Me må koma tilbake med budsjettkorrigeringar når representantskapet har gjort vedtak. For slike prosjekter vil det være naudsynt å søkja Ryfylkefondet i tillegg til ekstern finansiering.

New Kaupang som me frå 2025 har overtatt ansvaret for med 100% eigarskap ser me vidareført med 50% kapasitet, men det er selskapet sitt styre sitt ansvar å drive i tråd med dei midlane dei har tilgang til. Me ser for oss eige styre i aksjeselskapet framleis.

Me vel å utsetta å skildra vidare fokusområde og prosjekter før representantskapet har definert vidare satsingsområde.

Planen for 2026 er gjort med kopiering av 2025 planen men med ei generell auke i utgifter. Dette fordi me ikkje har tilsagn om nye prosjektmidlar etter 2026. Det er tatt utgangspunkt i nokolunde tilsvarande aktivitet som i 2025. Prosjektmidlar er i tråd med erfaringstal, men noko lågare Me har ikkje planar om større investeringar og finansiering av desse i økonomiplanperioden

I 2025 skal det veljast nytt styre i RIKS, vår plan er at det vert gjort på årsmøtet i juni.

Vedlagt er budsjett og økonomiplan 2025 – 2028.

Sak 24/24 Førespurnad om etablering av Ryfylke elderråd.

Sakshandsamar Wictor Juul

▲ Framlegg: Ryfylke Iks tar ikkje på seg arbeidet med å etablere eit Ryfylke elderråd.

Bakgrunn

Ryfylke IKS har fått ein førespurnad om me kan etablere eit Ryfylke elderråd slik som me har arbeidd med eit ungdomsråd.

Eit slikt arbeid være nyttig og hensiktsmessig, men vi ser ikkje at me har kapasitet eller kompetnse til å ta på oss eit slikt arbeid no.

E. post frå Sauda elderråd

Elderrådet i Sauda har blitt inspirert av at Ryfylke har eget Ungdomsstyre.

Elderrådet har diskutert og komt frem til at Ryfylke også trenger eget Eldrestyre. På samme måte som Ungdomsstyre.

Sauda Elderråd har lagt frem forslage om Eldrestyre i Ryfylke for ordfører Håvard Handeland. Ordfører oppfordrer oss til sende en henvendelse til Ryfylke IKS om Ryfylkerådet også kan opprette felles Elderrådstyre for kommunene i Ryfylke.

Mvh
Nansy Lund
Elderrådsleder, Sauda Kommune

